

Forum for natur og friluftsliv
Dato 22.11.2017 Sogn og Fjordane
Leikanger



Lærdal kommune
Pb 83
6886 Lærdal

Lærdal - detaljreguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri. Kunngjering av oppstart

Vi viser til oversending dagsett 17.10.2017. Føremålet med planarbeidet er å gjere mest mogleg av bygningsmassen på Lærdalsøyri flaumsikkert, i tillegg til å vurdere utvikling av flaumverket til nytte for turgåarar og laksefiskarar.

Planarbeidet skal vera grunnlaget for å gå vidare med detaljprosjektering av flaumsikringstiltak. Slike tiltak kan vera heving av grunn, heving av veg, forsterking av eksisterande flaumvern, fjerning av massar i elva for å auke kapasitet, bygging av nye flaumvern osv.

Generelt

Forum for natur og friluftsliv er eit samarbeidsforum for ein rekke friluftsansjasjonar i fylket. Forumet arbeider for å fremje friluftsliv og vern om sårbar natur.

Vi har stor forståing for behovet for flaumsikring. Vår fråsegn går på kva vi meiner det må leggjast vekt på i flaumsikringsarbeidet, og kva kunnskapsgrunnlag vi meiner må vere på plass for ei forsvarleg flaumsikring. Det må veljast løysingar som er best mogleg for fuglelivet og all natur i og ved elva. Det må etter vår meining leggjast stor vekt på å finne løysingar ut frå biologiske og økologiske omsyn, ikkje berre økonomiske og samfunnsmessige.

Store deler av deltaet til Lærdalselva er utfylt, men det finns framleis igjen ein rest, Ytre Grandane. Ytre Grandane har verdi «svært viktig» i naturtypekartlegginga både som verdi for fugl og plantar, men og som representant for ein naturtype som det var mykje av i Sogn og Fjordane men som det i dag berre er restar igjen av. Vi vil og nemne dei registrerte naturtypeområda Heller, Øye og Hauge vest og andre elvenære og

elvetilknytte naturområde med potensiale som leveområde for vasstilknytte fugleartar. Denne delen av Lærdalselva er i seg sjølv eit viktig område for fugl. Lærdalselva er i tillegg verna vassdrag og Sognefjorden er del av marin verneplan.

Eit godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande viktig for å kunne ha kontroll med dei potensielle konsekvensane flaumsikringstiltak vil kunne ha for biomangfald i elva. Det er heilt avgjerande at ein gjennom planarbeidet får god kontroll på kva konsekvensar sikringstiltak kan få lenger nede i elva og for sjølve deltaet. Mesteparten av deltaet er ikkje med innanfor planområdet, men det som vert gjort lenger oppe i elva kan potensielt få betydning for elvedeltaet. Gjer ein det rett kan det vere at sikringstiltak kan vere positive for deltaet.

Nedste del av elva med elvedeltaet har i stor grad vorte utbygd. **Vi vil understreke at Forum for natur og friluftsliv forventar, når det gjeld val av måten det vert sikra mot flaum på, at elva og deltaet no klart vert prioritert. Med det meiner vi at eventuelle flaumvollar og andre sikringstiltak vert trekt attende frå elva, og at det vert teke vare på / lagt til rette for flaumsletter, grunne og stilleflytande område og vegetasjonsbelte. Å vinne nytt land for vidare utbygging og bruk må ikkje vere ein prioritet i planarbeidet. Vi forventar at tiltaka er kunnskapsbaserte og fremmar eit godt elvemiljø.**

Vassressurslova §11 om kantvegetasjon er ei viktig føring, og vi forventar at breidda på vegetasjonsbeltet vert fastsett i plan. Vi forventar også at planen held seg til dei krav og føringar som er sett i vassforskrifta og til dei regionale vassforvaltningsplanane.

Konkret om type tiltak

Plastringstiltak (steinsetting/flomvoll/sperringar) vil halde vatnet ute frå bebyggelsen, men også føre til at hastigheita til vatnet aukar. Tverrsnittet av elva vert mindre, noko som igjen vil auke hastigheita på vatnet og føre vatnet raskare nedover vassdraget og slik sett auke flaumfaren lengre ned i vassdraget. Plastring vil også kunne hindre vatnet i å flaume over flaumsletter som har betydning for fuglelivet. At vatnet naturleg får fløyme over slettene ved høg vasstand er positivt og bør ikkje hindrast. Raskare vassføring er ikkje ein føremun for fuglelivet, det er i rolegare område maten er og fødesøk er mogleg. Plastring legg også beslag på kantsona ned mot vassdraget, og kan medføre fjerning av naturleg habitat, kantvegetasjon og «bygge» ned naturgrunnen og overgangen mellom vatn og land.

Vi vil klart oppmode til å gå inn i dette arbeidet med utgangspunkt i eit ønske om å nytte kantvegetasjon og økosystemtenester i størst mogleg grad i staden for bygging av vollar og kanalisering. Det må leggjast vekt på å oppretthalde naturleg flaumsone.

Kantvegetasjon gir store økosystemtenester som flaumdemping, biologisk mangfald, erosjonssikring, naturleg sedimenttransport i vassdraget, naturleg temperaturregulering mm. Det er her fuglane lev, her fisken finn skjul, skygge og mat, det er her friluftslivet går føre seg, og det er her folk og turistar vil spasere på tur.

Kunnskapsgrunnlaget og konsekvensutgreiingar

Vi føreset at potensielle konsekvensar av ulike typar flaumsikringstiltak vert utgreidd. I Lærdalselva vil det vere stort fokus på ikkje å øydelegge for fisken, og det betyr minst

mogleg inngrep/ending av botnsubstrat og kantsoner. Dette vil også vere viktig for f.eks. fossekallen. Vi vil vise til UNI Research sitt notat 3 / 2017 «Mer miljøvennlige erosjonssikringstiltak».

Forbygningar, utrettingar og liknande vil føre til at flaumproblema vert skyvde nedover vassdraget, det det vert meir vatn og høgare hastighet på vatnet nedanfor dei flaumsikra områda. Det er grunn til å tru at endra vassføring/vasshastighet vil kunne påverke deltaområdet (Ytre Grandane). Ein konsekvens kan vere at elva vil grave i gruntvassområdene og at lausmasser vil bli transportert legger ut i fjorden. Gruntvassområdet vil kunne minske i areal, og gje mindre areal til fuglar som utnyttar slike gruntvassområde. Når ein trygt kan seie at dette er ein arealtype som i stor grad har vorte nedbygd i dette fylket, så meiner vi at faren for dette ved ulike potensielle flaumsikringstiltak må undersøkjast nøye i konsekvensutgreiingane.

I ei naturleg / uregulert elv vil sletter langs elva virke flaumdempande. Når det vert bygd flaumvollar mister desse områda sin flaumdempande verknad. Det er derfor fare for forskyving av problemet nedover elva. Kantvegetasjon verkar også flaumdempande, i tillegg til at det er gunstig som skjul for både fugl og fisk, og det fører næringsstoff til elva.

Vi ser det som avgjerande viktig at det vert gjennomført utgreiingar som gjev kontroll på kva dei enkelte konkrete tiltaka, åleine og i sum, vil kunne ha av konsekvensar i elva og i elvedeltaet. Med konsekvensar meiner vi kva påverknad tiltaka vil kunne få på hydrodynamikk, hydrologi og hydrogeologi. Og vidare kva konsekvensar det på si side vil ha på ulike naturtypar i elva og i elvedeltaet og kva det igjen har å seie for fuglelivet, anna dyreliv og plantelivet i og ved elva.

Følgjande skal inngå i vurderingane av tiltaket sine konsekvensar:

- Det må skaffast omfattande kunnskap om planteliv, dyreliv og naturtypar i og ved elva. Det vil vere naudsynt for å kunne seie noko om potensielle konsekvensar for desse interessene. Det vil også vere naudsynt for å kunne følgje med på framtidig utvikling i og ved elva etter at eventuelle tiltak er gjennomført.
- Kva konsekvensar tiltaket kan få for hydrodynamikk, hydrologi og hydrogeologi og korleis det fysisk kan slå ut i form av endra straumtilhøve, fart på vatnet, graving og sedimentering.
- Kva potensielle konsekvensar endra straumtilhøve, fart på vatnet, graving og sedimentering vil kunne få på dei ulike naturtypane, habitata og artane i og ved elva.

Vi forventar at eventuelt feltarbeid vert gjennomført av kvalifiserte fagpersonar og på den tida av året det er mest gunstig for kvart enkelt tema og kvar enkelt artsgruppe.

Avslutning

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane ønskjer å verte rådspurt vidare i planarbeidet. Både ved formell høyring av plan, men og for å gje råd ved konkret utarbeiding av plann. Vi kjem gjerne på synfaring saman med kommunen.

Med helsing



Forum for natur og friluftsliv
Prosjektkoordinator
Sigurd Felde



Naturvernforbundet
Leiar
Marit Vøien Nes



Norsk ornitologiske foreining
Anders Braanas